

# (20) SERENADE

Tekst og tone:  
FREDDIE LANGRIND

Som flittig vandrar på visevegar finn eg att eit gamalt spor: Ein sein, lummer kveld sydpå. Ei skjønn kvinne på altanen. Og eg er trubadur på 1100-talet! Svulstig, umoderne og frekt? JA! JA! JA! Og det frydar meg!

A E A E D E A D E

Ton-en lei-kar stil-le, lei-kar stil-le mot eit øy-re i mitt sinn, legg seg mjukt til ret-te

6 A F#m Bm E7 A E7 Bm

ved ein tan-ke, let-tar slør-et og vil inn... Høyr mi vi-se, skjøn-ne kvin-ne, der er bal-sam-ord å

12 E7 A D A B7 E7 A


fin-ne, og med to-ne-klang-ar lin-ne smeik-ast du med mi-ne drag! Dag-ar svar-te el-ler

18 E7 Bm E7 A D A E7

kvi-te tyd-er akk! så bi-te li-te, ber-re det-te treng du vi-te: Kjær-leik vinn dei sto-re

24 A D A F#m Bm E7 A

slag! Ber-re det-te treng du vi-te: Kjær-leik vinn dei sto-re slag!



:/: Tonen leikar stille, leikar stille mot eit øyre i mitt sinn, legg seg mjukt til rette ved ein tanke, lettat sløret og vil inn. :/ (ANDRE GONG MED «na-na-na...» I FYRSTE LINE)

Høyr mi vise, skjønne kvinne, der er balsam-ord å finne og med toneklanger linne / smeikast du med mine drag! Dagar svarte eller kvite / tyder akk! så bitte lite, :/ : berre dette treng du vite: Kjærleik vinn dei store slag! :/:

Na-na-na-na-na / na-na-na-na / na-na-na-na-na-na  
legg seg mjukt til rette ved ein tanke, lettat sløret og vil inn ...

Høyr mi vise, dyrebare, la oss dyrke og bevare fantasiar, openbare / når ein søker seg ein skatt! Dagar svarte eller kvite / tyder akk! så bitte lite, :/ : berre dette treng du vite: Kjærleik vinn i denne natt! :/:

Na-na-na-na-na / na-na-na-na / na-na-na-na-na-na  
legg seg mjukt til rette ved ein tanke, lettat sløret og vil inn ...  
Eg kjem inn ...